DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

UHR
16 DES 2011
Saksnr.
Ark: Beh:

Universitet og høgskolar

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	201005309-/ELI	14.12.2011

Retningsliner for det nasjonale karaktersystemet

Vi viser til brev frå departementet av 10. mai 2004 med retningsliner for det nasjonale karaktersystemet.

Det nasjonale karaktersystemet følgjer av universitets- og høyskoleloven § 3-9 sjette ledd, som seier at universitet og høgskolar skal bruke den same karakterskalaen for vurdering av prestasjonane til ein kandidat – ein skala frå A til F, med fem trinn (A-E) for bestått og F for ikkje bestått. Alternativt kan vurderingsuttrykket vere bestått – ikkje bestått.

Etter innføringa av det nye karaktersystemet har Universitets- og høgskolerådet (UHR) i samarbeid med institusjonane og det nasjonale rådssystemet arbeidd med å koordinere bruken av karakterskalaene. Departementet vil gje uttrykk for at det er fornøgd med dette arbeidet og at universitets- og høgskolesektoren er komen langt i retning av ei felles forståing av bruken av karaktersystemet. Det er likevel behov for vidare samordning, og departementet vil her etter samråd med UHR oppdatere og presisere retningslinene med utgangspunkt i erfaringane frå arbeidet med nasjonal samordning.

Departementet er kjent med at det i sektoren har vore ein diskusjon om det ved bruk av bokstavkarakterskalaen skal vere «normalfordeling» innafor større grupper av studentar. Det har mellom anna vore vist til den relative skalaen innafor ECTS-systemet. Departementet viser her til brevet av 10. mai 2004 der det var understreka at det ikkje eksisterer noko førehandsgitt fordeling av karakterar som noko eksamens- eller studiekull skal pressast inn i.

Den relative ECTS-skalaen er i nokre samanhengar blitt oppfatta som ei europeisk norm

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 44

Telefon 22 24 90 90*
postmottak@kd.dep.no
www.kunnskapsdepartementet.no
Org no. 872 417 842

Universitets- og høgskoleavdelinga
Telefon 22 24 77 01
Telefaks 22 24 27 33

Sakshandsamar
Elisabeth Solberg
22 24 76 86

nivået. Dette er gjennomført innafor ei rekkje fag og innafor realfag og teknologiske fag er det laga felles karakterforklaringar og retningsliner for karaktersetjing på masterarbeid innafor heile fagområdet. Dette bør vurderast også innafor andre fagområde med sikte på å få til ei god samordning.

Vidare arbeid

Departementet er kjent med at UHR har vedteke å innføre eit nytt opplegg for karakterundersøkingar og rapportering frå og med 2012. Det er viktig at dette arbeidet blir følgt opp ved institusjonane og i det nasjonale rådssystemet.

Med helsing

Toril Johansson (e.f.)
ekspedisjonssjef

Anne Grøholt
avdelingsdirektør

Kopi:
Universitets- og høgskolerådet